



ARKOCONSULT AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Dato: 07.07.2016
Vår ref.: 2016/6192-2
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Att. Widar Sorø

Fråsegn til oppstartsmelding - Skårnesvika naustområde - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 21.06.2016 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Skårnesvika naustområde, Toska, Radøy kommune. Hovudføremålet med reguleringa er utbygging av 8 nye naust, småbåthamn, båtopptrekk og tilhøyrande veg- og grøntareal. Føremålet er i hovudsak i samsvar med overordna plan der området er sett av til småbåthamn og naustområde. Det er vurdert at planarbeidet ikkje vil utløyse krav om Konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Planområdet ligg med bandleggingssone H710 i kommuneplanen, med krav om reguleringsplan etter Plan- og bygningslova. Fylkeskommunen forutset at det vidare planarbeidet vert gjort i tråd med føresegn til kommuneplanens arealdel, særleg jf. §§ 3.1.3 og 3.1.4.

I tillegg til dette ber vi om at planforslaget vert tilpassa lokal byggeskikk og at ein reduserer fjernverknadene gjennom fokus på både volum, materialval og estetikk. Planforslaget bør særleg ta omsyn til nærliggande eksisterande bustader.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader på noverande stadium i planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringa.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Monika Serafinska, Fylkeskonservatoren, Avdeling for Kultur og Idrett

Kopi til:

Radøy kommune